

# Gravrøvar-kunst på museum

– Det blir betalt store pengar for etruskiske vasar, sa Johann Wolfgang von Goethe i 1787. Over 200 år etter kjem det for ein dag at samlingane i dei største musea i USA og det danske Glyptoteket er fulle av stolen antikk kunst.

## Roald Helgheim

roald@dagogtid.no

Tidlegare i år har italienske og amerikanske styresmakter tinga om tilbakelevering av etruskisk kunst frå Metropolitan Museum of Art. No peikar pila mot Ny Carlsberg Glyptotek i København, som har handla kunst med internasjonale storsvindlarar som mellommenn. Kva enden blir på saka for Danmark, vil vise seg ein gong i 2007. Då har amerikanske og italienske styresmakter vonleg tinga seg ferdig, etter at Metropolitan-museet tidlegare i år vedgjekk at dei hadde 21 stolne kunstgjenstandar som stammar frå Italia. Den største bakmannen, som har levert antikke kunstgjenstandar av like stor verdi til det danske Glyptoteket, er italienaren Giacomo Medici, som i fjor vart dømd til ti års fengsel, etter at politiet i Genève hadde kverrsett 4000 gjenstandar. Ein mellommann har vore Robert E. Hecht, som i desse dagar også står for retten. Det var i syttiåra den dåverande Glyptotek-direktøren Mogens Gjødesen handla med denne smuglarduoen. Etter sju år gjekk han av i 1978, fordi museet var i økonomisk krise.

Bakteppet for denne lysskye internasjonale verksemda er nyleg rulla opp av forfattar og Cambrigde-forskar Peter Watson. I vår gav han ut boka *The Medici Conspiracy. The Illicit Journey of Looted Antiquities, from Italy's Tomb Raiders to the World's Greatest Museums*, saman med Cecilia Todeschini. For ti år sidan stengde Sotheby's i London salet av antikvitetar, etter Watsons avsløringar i boka *Sotheby's*.

## Satyreens blikk

I Danmark er ein statue av satyren Silenus i sentrum for skandalen som avisa Politiken har rulla opp gjennom fleire reportasjar. Satyrhovudet som vart kjøpt i 1977, stammar frå ei etruskisk grav som vart rana like ved Roma. Avisa har fått tak i ein del av dommen mot Medici som handlar om hans rolle i saka. Dessutan har dei lese ein del i dei enno ikkje utgjevne memoarane til Hecht, der han skildrar møta med tidlegare glyptoteksjef Mogens Gjødesen. Utanom Metropolitan-museet i USA er også J. Paul Getty-museet i California og Boston Museum of Fine Art innblanda. Den italienske statsanklagaren Paolo Ferri seier til Politiken at det danske museet har vore mykje mindre til hjelp for å oppklare sitt ansvar. Justisdepartementet har lenge avvist å medverke til oppklaring, fordi saka er over 25 år gammal og forelda. Den noverande museumsdirektøren har i danske medium skulda italienarane for hykleri, og for nærmast å organisere kunstplyndringa sjølve. Advokaten til museet sa dei berre ville utlevere materiale til Paolo Ferri om han lovar å ikkje gå til pressa. Ferri seier han at han ikkje gjer krav på alt tjuvegodset, men vil få i stand minnelege kompromiss, som då han fekk 52 av dei 350-stolne gjenstandane ved Getty-museet attende.

Sakene skaut fart i 1995, då ein siciliansk gravrøvar, ein *tombarolo*, vedgjekk systematisk plyndring av oldtidsgravene, og tipsa politiet om Medici, som dreiv butikken sin frå Sveits. Utanom 4000 gjenstandar var det funne 35.000 dokument og 3600 polaroidfoto. Ved eitt høve er det nytta motorsag for å skjere ein vegg med freskar frå ein villa i Pompei i «smuglarvenlege» stykke. Det er også ein del av gemet, å dele opp kunstgjenstandar for å selje dei stykkevis. Bilete viser at foten av eit kunstverk er hamna i Gettymuseet, overdelen på Glyptoteket. Det stammar frå eit etruskisk tempel nord for Roma. Kor mange stolne etruskiske gjenstandar som finst i det danske museet, er vanskeleg å finne ut, men eit overslag i

Politiken viser at det er snakk om fleire hundre.

Tilsette ved museet har sagt at dei i syttiåra byrja å kjenne seg som helarar. Jette Christensen vart tilsett som museumsinspektør i 1971, og skriv at det vart meir og meir klart at gjenstandar dei fekk tilbod om, kom frå ulovlege utgravingar. Den avgådde Fleming Johansen vart tilsett som inspektør i 1962 og var direktør frå 1978 til 1998. Han hevdar at Glyptoteket medverka til å berge kunst, som dei har restaurert på museet. Peter Watson seier til Politiken at dette alltid har vore argumentet til gravrøvarane. Han seier også at gravrøvarar ofte øydelegg verdfullt materiale, og det er uansett ikkje noko argument for ulovleg handel.

### Medici-konspirasjonen

– I ein gjennomsnittleg karriere kan ein god arkeolog håpe på å finne to viktige gravfunn. Medici hadde materiale frå 50 viktige funn på lageret sitt, tilsvarende gjennomsnittsfunn til 25 arkeologar. Tenk på kor mykje meir kunnskap arkeologane hadde fått ut av desse funna, seier Watson.

I boka *The Medici Conspiracy* kartlegg han ferda til gjenstandane frå gravrøvarane til Medici og magasinet hans i Genève, før dei via mellommenn og kvitvaskarar endeleg hamnar på velrenommerte museum i Europa og USA. Det var avsløringa til det italienske politiet av Medici som gjorde det mogleg å kartleggje dette i detalj. Italienske styresmakter har også vist korleis ein får kunstgjenstandane til å auke i verdi, gjennom systematiske sal til seg sjølv gjennom stråmenn. Men den mest brukte metoden til å skru opp prisen er å dele opp t.d. ein etruskisk vase og selje stykkevis. Ein vase Getty-museet kjøpte, var sett saman av 25 fragment innkjøpte over ein periode på femten år.

### Dansk anger

Mellom 2001 og 2003 sende den italienske statsanklagaren fire førespurnader til danske styresmakter om hjelp. Justisministerens kontor feiltolka dette som krav om å utlevere dei aktuelle gjenstandane. No har justisministeren sagt seg lei for misforståinga, og kulturministeren bed Glyptoteket vere opne og samarbeidsviljuge.

### FAKTA

- Unesco-konvensjonen av 14. november 1970, om pålegg medlemslanda å forby og forhindre ulovleg import, eksport og eigedomsoverdraging av kunstgjenstandar, vart ikkje ratifisert av Danmark før i 2003.
- Etruskarane levde frå 700 til 300 f.Kr. i Etruria, eit område som tilsvarende det noverande Toscana i Italia. Dei skriftlege kjeldene omtalar dei som piratar og handelsmenn.
- Den etruskiske kunsten var ein blandingskunst inspirert av andre kulturar, først og fremst grekarane og fønikarane. Skulpturane kunne vere i bronse, stein eller terrakotta.
- Den etruskiske samlinga på Ny Carlsberg Glyptoteket er ei av dei finaste utanfor Italia.
- Innblanda i handelen med Giacomo Medici og Robert E. Hecht er The J. Paul Getty Museum i California, Metropolitan Museum of Art og Boston Museum of Fine Art. Tidlegare museumsinspektør Marion True (!) og kunsthandlaren Robert E. Hecht står for retten i Roma.
- Giacomo Medici vart dømd til 10 års fengsel i første rettsinstans, og har anka dommen.